



MØTEINNKALLING

Utvalg: Driftsstyret
Møtestad: Voldsfjorden, møterom rådhuset
Dato: 02.12.2015
Tid: 14:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 38/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 36/15	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 18.11.2015
PS 39/15	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 24.11.2015
PS 40/15	Oppstart av arbeid med oppvekstplan

I starten på møtet vil oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orientere om sektor for opplæring og oppvekst.

PS 38/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 36/15 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 18.11.2015

PS 39/15 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 24.11.2015



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Vibeke Berge

Arkivsak nr.: 2015/2384

Arkivkode: 033

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

40/15

Driftsstyret

02.12.2015

OPPSTART AV ARBEID MED OPPVEKSTPLAN

Administrasjonen si tilråding:

1. Driftsstyret tek til vitande orienteringa om det førebuande arbeidet med ein oppvekstplan.
2. Administrasjonen vert beden om å legge til rette for at driftsstyret får ta aktivt del i det vidare arbeidet med oppvekstplanen. Driftsstyret ber administrasjonen om å utarbeide eit arbeidsdokument til bruk i den vidare prosessen.

Saksopplysningar:

Planprogrammet til samfunnsdelen av kommuneplanen lister opp planar, rapportar og utredningar som kan verte aktuelle å lage og nemner her oppvekstplan. I sektor for opplæring og oppvekst sitt målkart 2016 er eitt av måla å utarbeide oppvekstplan for sektoren.

Ein ser for seg eit grunnlagsdokument som seier noko om kva vi ønskjer å få til for barn og unge i Volda, ein felles plattform for heile sektoren, med blant anna ein visjon, verdiar, mål og nokre overordna tiltak.

På leiarsamling for sektoren i slutten av september 2015 brukte leiarane SWOT som analysereiskap til å identifisere styrker, svakheiter, moglegheiter og truslar for sektoren. Med utgangspunkt i denne SWOT-analysen såg ein nokre konturar av mulege felles målsetjingar for sektoren, og det peika seg ut nokre fokusområde ein ser at sektoren bør arbeide for å vidareutvikle og kvalitetssikre. Det er hensiktsmessig å bruke resultata frå leiarane si SWOT-analyse som ein bakgrunn for vidare arbeid med oppvekstplanen.

Ein ønskjer at alle nivå i sektoren får vere med i arbeidet og ein ser for seg eit arbeidsdokument som driftsstyret og alle einingane får jobbe med.

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen bør utarbeide eit arbeidsdokument som kan utfordre driftsstyret og alle tilsette i sektoren til å kome med innspel om sektor for opplæring og oppvekst sitt arbeid. Innspela vert viktig i det vidare arbeidet med utarbeiding av ein oppvekstplan.

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Opplæring og oppvekst